



Sekretariat for kontrollutvalet

Arkivsak 201204952-2
Arkivnr. 015
Saksh. Breistein, Roald

Saksgang	Møtedato
Kontrollutvalet	23.08.2012

INFORMASJONS- OG MEDIESTRATEGI FOR KONTROLLUTVALET - FORSLAG

SAMANDRAG

Bakgrunn for saka:

Kontrollutvalket gjorde slikt vedtak i sak 7/12 i møte 2.2.2012:

"Kontrollutvalet ber om at sekretariatet legg fram ei sak om informasjons- og mediestrategi for kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune i løpet av første halvår 2012."

Drøfting:

På bakgrunn av vedtaket over innhenta sekretariatet døme på vedtekne informasjonsstrategiar for kontrollutvala i Sogn og Fjordane fylkeskommune, Troms fylkeskommune og Tromsø kommune. Desse vart lagt fram som melding 53/12 i møte i kontrollutvalet 18.06.12. Utvalet slutta seg til at desse kan nyttast som utgangspunkt for utarbeiding av informasjons- og mediestrategien for kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune.

Kommunal- og regionaldepartementet kom i sin rapport ”85 tilrådingar for styrkt eigenkontroll i kommunane” med følgjande oppmadingar på side 11:

- *Kontrollutvala gjer ein jobb dei kan vere stolte av: Kontrollutvala må fortelje om kva dei gjer, og kommunestyra må lytte!*
- *Kontrollutvala, revisorane og sekretariata gjer mykje godt arbeid: Vis det, legg rapportar ut på nettet og skriv så alle kan forstå!*
- *Det nyttar å drive kontrollarbeid: Kommunane må vise at dei lærer og forbetrar seg! La innbyggjarane få vite om det!*
- *Kontrollarbeid i ein kommune kan føre til læring for andre òg: Kontrollutvala må dele erfaringar med kvarandre!*

I den nemnde rapporten på side 10 står det:

Kontrollarbeid som blir kommunisert, vil ha verdi for fleire enn den som blir kontrollert. Kommunikasjonen kan vere retta innover i kommune og ut mot omverda.

Kommunal- og regionaldepartementet kom i februar 2011 med ein rettleiar om kontrollutvalet si rolle og oppgåver. I denne rettleiarene er det eit eige kapittel der synleggjering av kontrollutvalet sitt arbeid vert omhandla. På side 69 kan vi lese:

"Åpenhet er i seg selv et mål for den offentlige forvaltningen. Synliggjøring av kontrollutvalgets arbeid vil være viktig for å skape tillit til at kommunen er underlagt betryggende, folkevalgt kontroll."

Dette igjen heng sammen med kommunelova § 1 Lovens formål der det står dette:

"Formålet med denne lov er å legge forholdene til rette for et funksjonsdyktig kommunalt og fylkeskommunalt folkestyre, og for en rasjonell og effektiv forvaltning av de kommunale og fylkeskommunale fellesinteresser innenfor rammen av det nasjonale fellesskap og med sikte på en bærekraftig utvikling. Loven skal også legge til rette for en tillitskapende forvaltning som bygger på en høy etisk standard."

Ut frå dette kan ein trekke den konklusjon at kontrollutvalet kan vera med å skapa tillit overfor innbyggjarane ved å fortelje at det går føre seg kontrollarbeid, og kva resultat dette arbeidet fører til. Godt kontrollarbeid kan vere med på å byggje opp eit godt omdømme for fylkeskommunen.

Skal kontrollutvalet lukkast med å byggje eit godt omdømme for fylkeskommune er det viktig å ha nokre skriftlege køyrereglar nedfelt i ein informasjons- og mediestrategi.

Konklusjon:

På bakgrunn av dette har sekretariatet utarbeidd eit forslag til informasjons- og mediestrategi for kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune som det vert tilrådd at utvalet vedtek.

FORSLAG TIL VEDTAK

Kontrollutvalet vedtek informasjons- og mediestrategien slik den ligg føre.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Vedlegg: Forslag til informasjons- og mediestrategi for kontrollutvalet

Kontrollutvalet

23.08.12

FORSLAG TIL VEDTAK

Kontrollutvalet vedtek informasjons- og mediestrategien slik den ligg føre.

HANDSAMING I MØTE

Kontrollutvalet ber sekretariatet kome med forslag til rutinar for å operasjonalisere informasjons- og mediestrategien til møtet i oktober.

Etter dette vart slikt vedtak samrøystes vedteke.

VEDTAK

1. Kontrollutvalet vedtek informasjons- og mediestrategien slik den ligg føre.
2. Kontrollutvalet ber sekretariatet kome med forslag til rutinar for å operasjonalisere informasjons- og mediestrategien til møtet i oktober.

Informasjonsstrategi for kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune

Openheit er i seg sjølv eit mål for den offentlege forvaltninga. Synleggjering av arbeidet til kontrollutvalet vil vera viktig for å skape tillit til at fylkeskommunen er underlagt tillitsvekkande, folkevald kontroll.

1. Verdiar for Hordaland fylkeskommune

Ansvarleg

Vi tek ansvar for Hordaland sitt ”vel.” Vi set innbyggjarane først og nyttar kompetansen vår til å sjå heilskapen. Det vi gjer i dag skal òg kome framtidige generasjonar til gode.

I dialog

Vi lyttar og vi er i dialog med innbyggjarar og samarbeidspartnarar i hordalandssamfunnet.

Modig

Vi søker utvikling og framsteg for den enkelte og for Hordaland.

Vi vågar å prioritere og har blikk for kva som er mogeleg.

2. Kontrollutvalet sitt ansvar og sine oppgåver

Kontrollutvalet har ansvaret for tilsynet med den fylkeskommunale forvaltninga på vegne av fylkestinget. Utvalet skal vera bidragsytar til at fylkeskommunen når sine mål, gjennom å bidra til å sikre ein best mogeleg forvaltning av ressursane.

Kontrollutvalet skal medverka til å byggja opp om tilliten til fylkeskommunen som tenesteytar og utøvar av mynde.

Kontrollutvalet skal vera synlege, uavhengige og ha høg integritet. Utvalet har valt å ha opne møte, og informasjon om utvalet sitt arbeid skal vere tilgjengeleg på heimesida til fylkeskommunen. Informasjons- og mediestrategien skal styrka forståing for utvalet si oppgåve og bidra til at utvalet når måla sine.

I årsmeldinga til kontrollutvalet i fylkeskommunen er måla til kontrollutvalet definert slik:

- Å auke tillit og tryggleik for at fylkeskommunale oppgåver vert utført på best mogleg måte og at sakshandsaminga sikrar likebehandling og rettstryggleik
- Å auke kvalitet og effektivitet i dei interne rutinane
- Å optimalisere dei totale kontrollressursane i fylkeskommunen

- Å utnytte dei fylkeskommunale midlane optimalt, med utgangspunkt i oppgåver, ressursbruk og oppnådde resultat
- Å sikre ein profesjonell og effektiv revisjon
- Å sikre uavhengigheta mellom kontrollutvalet og administrasjonen på den eine sida og kontrollutvalet og den valde revisjonen på den andre sida

3. Mål for informasjons- og mediestrategien til kontrollutvalet

- Kontrollutvalet skal informere om utvalet sitt arbeid, både i forkant og i etterkant av møta.
- Det skal nyttast meiroffentlegheit i så stor grad som mogeleg.
- Kontrollutvalet skal ha ein medviten haldning til korleis utvalet framstår ovanfor omverda.
- Kontrollutvalet uttalar seg på fagleg grunnlag, og går ikkje inn i politiske diskusjonar.
- Leiar i kontrollutvalet skal uttale seg til media på vegne av utvalet.

4. Målgrupper

4.1 Innbyggjarane i Hordaland fylkeskommune

Innbyggjarane i fylket skal ha mogelegheit til å følgje med på kva kontrollutvalet arbeider med. Det er viktig for demokratiet at arbeidet til utvalet er synleg og tilgjengeleg slik at det er høve til å kome med innspel. Den enkelte innbyggjar har krav på god og reell tilgang til informasjon om fylkeskommunen og kontrollutvalet sine aktivitetar.

4.2 Eigen organisasjon

Tilsette i fylkeskommunen skal ha kjennskap til kontrollutvalet og det ansvaret utvalet har. Det er også viktig at medarbeidarane kjenner til kva utvalet arbeider med, noko som vil skape ei god forståing for utvalet sin funksjon.

4.3 Media

Media skal ha kjennskap til kontrollutvalet sitt arbeid for å kunne sette seg inn i aktuelle saker som utvalet arbeider med, som kan vere vesentlege for samfunnet og ha allmenn interesse.

5. Kanalar:

Kontrollutvalet nyttar heimesida til fylkeskommunen www.hordaland.no som offentleg kanal for å spreia informasjon om utvalet sitt arbeid. I tillegg vil kontrollutvalet sitt arbeid bli gjort kjend gjennom medieoppslag eller pressemeldingar.

5.1 Heimesida til fylkeskommunen:

Kontrollutvalet skal vere synleg på heimesida til fylkeskommunen. Utvalet har eit eige menyval under ”Politikk/politiske organ/utval under fylkestinget”, som skal innehalde følgjande informasjon:

- Om utvalet:
 - Generelt om kontrollutvalet
 - Samansetjing
- Lenke til aktuelle lover- og regelverk
- Lenke til møteplan, saklister og møtebøker – **er ikkje slik lenke i dag**
- Lenke til kontrollutvalet sitt sekretariat
- Gjennomførde forvaltningsrevisjonar og selskapskontrollar – **er ikkje slik i dag**
- Lenke til vald revisor
- Plan for forvaltningsrevisjon og selskapskontroll – **er ikkje slik i dag**
- Lenke til årsmeldingar – **er ikkje slik i dag**

I tillegg skal nyhende om utvalet, saker som utvalet arbeider med og informasjon om møte med saksliste leggast på heimesida til fylkeskommunen.

5.2 Media – lokale og regionale

Det kan sendast pressemeldingar til lokale og regionale media om kontrollutvalet sitt arbeid.

Pressemeldingar om kontrollutvalet sitt arbeid og vedtak, kan vera viktig som ledd i utvalet si praktisering av meiroffentlegheit. Førstehands informasjon til media er viktig for å skapa og oppretthalda eit balansert og objektivt bilet av kontrollutvalet si oppgåve. Direkte kontakt med media og einskilde journalistar kan vere nyttig for å korrigere og betre informasjonsarbeidet.

I forkant av utvalsmøte skal det sendast ut pressemelding med sakliste. I nokre tilfelle bør det vurderast om ei eller fleire av sakene på saklista kan framhevest. Etter kvart utvalsmøte skal det vurderast om det skal sendast ut pressemelding med t.d. møteprotokoll og der ei eller fleire saker kan omtalast spesielt.

5.3 Fylkestinget

Fylkestinget skal haldast løpende orientert om kontrollutvalet sitt arbeid. Dette kan gjerast ved at saker vert lagt frem for fylkestinget i tråd med regelverket og i andre saker som utvalet finn grunn for å informere om. I tillegg skal kontrollutvalet si årsmelding godkjennast av fylkestinget. Årsmeldinga gjev eit oversyn over kontrollutvalet sin aktivitet det siste året og status på oppfølging av tidlegare revisjonar. Leiar i kontrollutvalet orienterer munnleg fylkestinget i saker som vert lagt fram frå kontrollutvalet.

5.4 Praktisk informasjonsarbeid

Publikum og media skal som hovudregel informerast i samband med kunngjering av saksliste til møte i utvalet på fylkeskommunen si heimeside og ved pressemelding til media som inneholder kunngjering av møtetidspunkt, stad og saksliste.

Kontakt med media føregår ved direkte kontakt med journalistar eller utsending av pressemelding frå kontrollutvalet. Det er leiar i kontrollutvalet som skal uttale seg på vegne av utvalet, dersom ikkje anna er avtala i utvalet. Uttaler skal i sitt innhald vera lojal i høve kontrollutvalet sitt vedtak, og informasjon som vert gjeven skal samsvare med den informasjonen angåande saka som er gjort kjend for dei øvrige medlemmane i utvalet.

Dersom det skal sendast ut pressemelding, skal sekretariatet utforme eit forslag, som skal godkjennast av leiar i kontrollutvalet.

Dersom leiar i kontrollutvalet uttaler seg til media om saker som dei øvrige medlemmane ikkje på førehand er kjend med, skal leiar så snart som råd er informere dei øvrige medlemmane om dette på e-post.



Sekretariat for kontrollutvalet

Arkivsak 201204952-4
Arkivnr. 015
Saksh. Breistein, Roald

Saksgang	Møtedato
Kontrollutvalet	18.12.2012

INFORMASJONS- OG MEDIESTRATEGI - OPERASJONALISERING

SAMANDRAG

Bakgrunn for saka:

Kontrollutvalet handsama forslag til informasjons- og mediestrategi for kontrollutvalet i sak 40/12 i møte 23.08.12 og det vart gjort slikt vedtak:

1. *Kontrollutvalet vedtek informasjons- og mediestrategien slik den ligg føre.*
2. *Kontrollutvalet ber sekretariatet kome med forslag til rutinar for å operasjonalisere informasjons- og mediestrategien til møtet i oktober.*

Den vedtekne informasjons- og mediestrategien ligg ved.

Drøfting:

Vi tek utgangspunkt i måla i punkt 3 i den vedtekne informasjons- og mediestrategien der det står dette:

- Kontrollutvalet skal informere om utvalet sitt arbeid, både i forkant og i etterkant av møta.
- Det skal nyttast meiroffentlegheit i så stor grad som mogeleg.
- Kontrollutvalet skal ha ein medviten haldning til korleis utvalet framstår ovanfor omverda.
- Kontrollutvalet uttalar seg på fagleg grunnlag, og går ikkje inn i politiske diskusjonar.
- Leiar i kontrollutvalet skal uttale seg til media på vegne av utvalet.

For å nå desse måla kan det vera aktuelt å dele opp informasjonen og spisse den til slike grupper:

1. Innbyggjarane i Hordaland fylke
2. Media
3. Internt i Hordaland fylkeskommune

Nedanfor er det sett opp eit forslag til korleis ein innanfor kvar av desse gruppene kan nå ut med informasjonen om aktiviteten i kontrollutvalet på best mogleg måte og slik at ein sikrar at måla vert nådd.

Forslag til operasjonalisering av informasjons- og mediestrategi for kontrollutvalet

1. Innbyggjarane i Hordaland fylke

- a. Kunngjering av møta på heimesida til HFK og e-post til aktuelle media
 - i. Møteinnkallingar og møteprotokollar må gjerast lett tilgjengelig på heimesida
- b. Kunngjering på heimesida og med e-post til aktuelle media når det ligg føre nye planar, revisjonsrapportar og kontrollutvalet si årsmelding
 - i. Planar, revisjonsrapportar og årsmeldingar må gjerast lett tilgjengelig på heimesida
- c. Kontrollutvalet må vurdere om det skal lagast pressemeldingar på særskilte saker
 - i. Kontrollutvalsleiar, i samråd med sekretariatet, får fullmakt til å utforme pressemeldingar
 - ii. Ev. be om hjelp frå informasjonsavdelinga til å kvalitetssikre formuleringar i pressemeldingar

2. Media

- a. Det må vurderast kva media det er lurt å nytte i høve einskildsaker
 - i. Skal ein gå breitt ut eller spisse mot ein eller nokre få media
 - ii. Skal ein kontakte einskild journalistar
- b. Vurdere nøyne kva element som bør trekkast fram i pressemeldinga for å få den ønska merksemnda
 - i. Kan saka relaterast til andre pågåande saker i media

3. Internt i Hordaland fylkeskommune

- a. Møtebok frå møter i kontrollutvalet som melding til fylkestinget
- b. Presentasjon av viktige revisjonsrapporter for fylkestinget
- c. Informasjon om resultatet av gjennomførte forvaltningsrevisjonar og selskapskontrollar på intranett etter kvart som dei ligg føre
 - i. For dei fleste rapportar vil ei generell orientering vera nok
 - ii. For enkelte rapportar, t.d. sjukefråvær kan meir detaljert informasjon vera aktuelt
 - iii. Kontrollutvalsleiar, i samråd med sekretariatet, får fullmakt til å utforme pressemeldingar
 - iv. Døme på slik pressemelding i Sogn og Fjordane fylkeskommune:
[http://www.sj.no/cmssf/cm.publish.nsf/\(\\$All\)/398CCDD7563B072BC1257AC3004C76C0?OpenDocument](http://www.sj.no/cmssf/cm.publish.nsf/($All)/398CCDD7563B072BC1257AC3004C76C0?OpenDocument)
- d. Møteinnkallingar, møteprotokollar, planar, revisjonsrapportar og årsmeldingar må gjerast lett tilgjengelig på intranett

Konklusjon:

Sekretariatet vil tilrå at kontrollutvalet vedtek forslag til operasjonalisering av informasjons- og mediestrategien for kontrollutvalet.

FORSLAG TIL VEDTAK

Forslag til operasjonalisering av informasjons- og mediestrategi for kontrollutvalet vert vedteke slik den ligg føre.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Vedlegg: Informasjons- og mediestrategi for kontrollutvalet

Kontrollutvalet

18.12.12

FORSLAG TIL VEDTAK

Forslag til operasjonalisering av informasjons- og mediestrategi for kontrollutvalet vert vedteke slik den ligg føre.

HANDSAMING I MØTE

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

VEDTAK

Forslag til operasjonalisering av informasjons- og mediestrategi for kontrollutvalet vert vedteke slik den ligg føre.